

Hallo i nedslagsfeltet!

Ein intens eksamensperiode er over. 10-timars lesedagar prega den siste veka før eksamen torsdag, og det var difor godt å få første eksamen på høgskulenivå overstått. Mellom timane på lesesalen har eg heldigvis fått pressa inn mange treningsøkter. Det har vore min måte å kople av og samle ny energi på. Og forma? Den kjem seg, sakte men sikkert.

No som vi har bikka oktober, startar også ein ny sesong med grunntrening. I det siste har vi trent ein god del sprint og spenst, noko vi kjem til å halde fram med på fellestreningane. Det er eit veldig godt treningsmiljø, med trivelege og spreke folk. Vi har det alltid artig på trening, og eg merkar at eg har veldig godt av å trene i ei gruppe etter fleire år som einsam svale i Sykkylven. Det er mykje lettare å presse seg litt ekstra når ein har nokon å springe mot! I tillegg har eg fått mitt eige treningsprogram, så det vert spennande å følgje dette framover. Ein god miks av intervalltrening, spenst, langkøyringar og litt styrketrening er oppskifta - resultatet får vise seg når det lir mot vår og sommar. Eg er ialfall motivert, og det er eit godt utgangspunkt.

Etter eksamen torsdag sette eg meg på bussen for å kvitte meg med litt heimlengsel. Eg hadde to sportslege mål for helgabetesøket: å teste ut det nye friidrettsanlegget på Ikorntnes, og å kome meg på Skopphornet. Slik var det sagt, og slik vart det. Saman med Marius Håndlykken, som høgst truleg er raskaste personen i bygda, trente vi ei økt fredagskvelden. Fire tartandekte løpebaner rundt kunstgrasbana, med Sykkylvsfjella som kulisser i det fjerne. Det må vere den vakraste utsikta ein kan få frå ei friidrettsbane. Den siste påstanden er sjølv sagt ei svært subjektiv vurdering, men at utsikta er flott kan ingen nekte på. Marius trente 100-meterar, medan eg hadde pyramideintervall med 200 m, 300m, 400 m, 300 m og 200 m, før vi avslutta med nokre byks i lengdegropa. Og berre for å ha det klart: bana er god. Med nytt friidrettsanlegg på plass er alt lagt til rette for mange nye friidrettstalent i åra som kjem. Hadde ein berre vore 10 år yngre...

Laurdag fekk eg med mi spreke mor Inger på Skopphornet. Veret var strålande i starten, men då vi kom over tregrensa vart det stadig surare. Siste biten mot toppen fekk vi rett og slett ein forsmak på kong vinter, då det lava ned med snø. Men til toppen kom vi! Som geologistudent var eg svært spent på om eg kom til å finne rosenkvarts, noko det skal finnast ein del av på veg opp. Det gjorde eg ikkje, men eg fann derimot ein kjempefin bergkrystall som får plass i steinsamlinga mi på peishylla i Sogndal.

No er første undervisningsblokk over, og eg er klar for 7 veker med matematikk, hard trening og glade dagar i saftbygda.

Hilde

PS: mi personlege form på ein skala frå 1-10 er i skrivande stund vurdert til 5,8.